



Jubileumsposten

Det starta 1907

Av Guro Redalen

Todalen Idrottslag vart skipa i 1907, men vart først meldt inn i Noregs Idrettsforbund året etterpå og feirar på det viset 100 års jubileum i 2008. Den første formannen var Sverke Talgø, og laget dreiv med gymnastikk og turning, skisport, skeiserenn og fotball. Hoppbakken anno 1907 låg ved Storfossen, medan skeiserenn vart arrangert når fjorden fraus til.

Hoppbakken vart seinare flytta til Ørsalbakken, og i det området er det enno aktivitet

sjølv om hoppbakken er nedlagt. For allereie i 1968 fekk bygda, som ein av de fyrste i Noreg, ei 900m lang lysløype her. Slik har skisporten helde seg på beina både i organisert form med renn og merkjetaking og det bygdefolk sjølv legg opptil i dei oppkjørte løypene.

Både for fotballen og friidretten har Bordholmen spela ein stor rolle. Ikkje få dråpar med sveitte har her treft graset og grusen oppigjennom tidene, både i spel, kamp og dugnad.

Store drama og imponerande sportslege prestasjonar har utspela seg med trufaste tilskodarar tilstades på tribunane. I dei seinare åra har Todalshelga vårte til ein dag med aktivitet på Bordholmen, og Todalsdagen er no eit av dei største arrangementa Idrettslaget har i løpet av eit år. Gledeleg er det å sjå at her det dei yngste som sørgjer for stor aktivitet, så framtida kan sjå ljøs ut for Todalen Idrottslag også i åra framover!

2008 – eit jubileumsår for alle

Av Guro Redalen

Eit arrangement kvar månad i jubileumsåret er målet for hovudkomiteen. Planane er ikkje heilt spikra enno, men vi kan sladre om eit rikhaldig program med noko for alle. Og med alle meiner vi bl.a. unge og eldre. Aktive medlemmar og støttemedlemmar. Dei som aldri tok meir enn bronsemerke i skimerke, og dei som har eige premieskåp. Dei som hugsar Todalshelga, og dei som berre har høyrte gjetord. Dei som likar gulsaft betre enn raudsaft, og dei som enda hugsar smaken av XL1 og handballklister. Dei som går både Kjerringdilten og Rom-

julsmarsjen og på fleire trimbøker kvart år, og dei som eigentleg ikkje heilt veit kva Todalen Idrettslag står for.

Følg med – her er mykje bra i vente!



November 2007

Årgang 1, Nummer 1




Foto: Privat

Første formann


Sverke Talgø (Vestrum) var lagets første formann.

Laget stod den gongen overfor mange og store utfordringar, men vi kan i dag konstatere at Sverke og resten av styret laga eit solid fundament til ein livskraftig hundreåring.

Todalsens A-lag i 1969

fotografert under fotballturneringa i Todalen. Todalen vann da 2-1 mot Nordmørslaget og tapte 4-1 mot Orkanger i finalen den gongen. I fremste rekka frå venstre: Jon Husby, Gudmund K. Kvendset, Nils Øyen, Jon Bruset og Johan Kvendset. I rekka attafør: Ingulf Lein, Jon Lunde, Eivind Grønmyr, Øystein Holsæter, Ola Kvendset og Gudmund I. Kvendset.

Foto er utlånt frå Einar Oterholm



Kjent landemerke.

Skjærdingfjellet og Snøfjellet er landemerke for Todalen.

Det er det første du ser når du kjem innover Stranda.

Slik var det vel naturlig at desse fjella også vart fundamentet i idrettslagets logo som Gunnar Ansnes laga for mange år sidan. Jubileumsvignetten er også basert på same idé og symbolikk. Den er det Ingun Redalen White som har stått bak. I jubileumsåret vil den prege alle arrangement som er knytte til 100-årsfeiringa.



Den nye vignetten som vil markere kva som er jubileumsarrangement. Den er laga i lagets farger som er svart og kvit.

Idrettslaget har hatt stor betydning - både for bygda og folket

Av Jon Olav Ørsal

Todalen idrottslag, eller "idrettslaget" som vi seier i daglegtale, er ikkje det eldste laget i bygda. Men det er kanskje det laget som har hatt størst betydning for innbyggjarane i bygda.

For idrettslaget har ikkje berre drevet med idrettsarbeid som fotball, skirenn og friidrett. Det har også drevet med kultur og ikkje minst har det hatt stor betydning for utviklinga av bygdesamfunnet rent sosialt.

Gjennom hundre år er det heilt eventyrleg kor stor dugnadsinnsats som er lagt ned. Og ordet "**dugnad**" har heile tida stått sentralt i idrettslagsarbeidet. Gjennom hundre år er det heilt ufatteleg kor mange timar med dugnadsarbeid som er gjort. Utfordringar ein har stått overfor har i mange tilfelle ikkje vore gjennomførbare om ein ikkje hadde hatt

dugnadsinnsatsen som et fundament.

Det vil være umulig å nemne alt som er gjort på dugnad i laget, men når det gjeld store prosjekt så kjem ein fort inn på Bordholmen.

Alt ein kan sjå på Bordholmen er gjort på dugnad. det gjeld opparbeiding av fotballbane, løpebane, tribunar og ikkje minst husa som står der og som har stått der.

I ein slik artikkel kjem ein heller ikkje utom å nemna Todalshelga. Starten på den epoken var feiringa av lagets 60-årsjubileum i 1968. Det vart da arrangert ei fotballturnering, der mellom anna Nordmørslaget i Oslo var med. Dette vart så vellykka at det vart ei årleg "turneringshelg" som litt seinare vart til Todalshelga som var lettare å marknadsføra. Sidan balla det

berre på seg og Todalshelga stod nok på sitt høgste i 80-åra da det på laurdagsdansen var nærare 2000 publikummarar.

Økonomisk var dette ei gulltid for laget, og det la også grunnlag for investering i nytt klubbhus og nytt lagerbygg.

På nittitalet opplevde ein at festivalmarknaden svikta, men de siste åra har laget hatt stor lykke med Todalsdagen. Todalsdagen er framleis tufta på fotball, men det har vore fotball for dei aller minste.

Når vi no skal ta fatt på drifta dei neste hundreåra, vil nok dugnadsånda vere nødvendig å ta med seg vidare.

Hundre års erfaring har gjeve oss klare bevis på at det går an å få til ting, berre vi står saman og har sterk nok vilje til å nå målet.

Foto: JOØ



Endeleg vart det ballbinge!

Av Jon Olav Ørsal



4. oktober vart straumen koplå til, og dermed kunne ein setta sluttstrek for dugnadsarbeidet med ballbingen på skuleområdet. Foto: JOØ

Etter treår med planlegging og søknader var det endeleg klart for eit gjennombrøt i byråkratiet og arbeidet kunne endeleg starte 21. mai i år. Som vanleg vart arbeidet gjort på dugnad, og etter meir enn fem hundre dugnadstimar kunne leiar i elevrådet Kristoffer Nordvik klippe snora

og ta i bruk ballbingen allereie 16. juni. Seinare har det vorte monterte lys slik at den kan brukast på kveldstid.

Til vinteren skal ballbingen bli isbane, med muligheter for både ishockey og anna aktivitetar på isen. No er det stor aktivitet med fotball og lys kvar kveld i ballbingen.



Nils Ove Bruset og Alf Inge Ulvund fikk roser for innsatsen med ballbingen av Karen Johanne Talgø.

Foto: JOØ

Intervju med ledaren

Av Jon Olav Ørsal



Foto: Privat

Terje Talgø er leder i Todalen idrettslag. Han fortel at det er lenge sidan styret i laget har bestemt at idrettslagets jubileum skal bli noko meir enn berre ei jubileumsfest. Det skal

bli eit heilt jubileumsår, der alle arrangement skal vere prega av jubileet.

Styret har derfor sett ned ein hovudkomité som har fått i oppdrag å koordinere lagets arrangement i jubileumsåret og påverke til at vi gjer litt ekstra ut av alle arrangement dette året.

I jubileumsåret skal vi også passe på at alle i bygda får ta del i arbeidet med å feire lagets store bursdagslag ved at de får tilbod om å delta i ein eller anna komité.

Styret har også tenkt på dei som har vore knytt til bygda tidlegare. Spesielt på de som

er fødd her og har flytta ut, men også dei som har bodd her ei stund eller hatt anna tilknytning til bygda.

Desse vil vi gjerne ha med oss på denne jubileumsfeiringa. Vi håper derfor å nå ut til flest muleg slike med denne jubileumsavisa, som vil kome med fleire utgåver til det næraste året.

Styret håper at jubileumsåret 2008 kan bli et år som set varige spor etter seg og som kan knytte alle Todalingar enno nærare saman til heimbygda si.

Husker du? - gode historier frå "sidelinja"

Sjølv om Søya (Seia) rimer betre på Heia, er det ikkje tvil om at Todalen har hatt ivrige tilhengjarar og patriotar tilstades når karrain (og eit par dreker) ivrig har sprunge etter lærkula på Bordholmen. Og det er ikkje alltid den ein skal tru som er den mest ivrigaste på tribunane. Ei av dei som meir enn vanleg interessert var Gunhild (Husby) Vangen. På ein heimekamp for 40 - 50 år sidan kom ho med uttalelsen: "ta her e mykju drygar enn nå'n slags

fjøsvascardag!" og alle som har vaska fjøs skjønar ca kor strevsamt det da måtte ha vore å heie på Todalen og halde ut med spaninga den kampen ... Det var også slik at den same Gunhild var like engasjert når ho såg fotball på tv. Hadde eit av laga svarte og kvite drakter, ja så heia Gunhild ivrig med i stua. Så det er ikkje noko nytt at fotballen engasjerar den som bur på Vangen ...

Dette bør bli ei spalte med ei god, lun og kanskje humoristisk historie frå gamle dagar eller nyare tid.

Kom med gode historier. Vent ikkje med å ta kontakt med redaksjonen. Helsing redaksjonen

Nettsida vår

Av Guro Redalen

Vi har laga ei ny internettside i høve jubileumsåret. Her kan du lesa meir om historia til Todalen Idrettslag, sjå bilete både frå før i tida og no,

praktiske opplysningar om Slektsstemnet, rapportar frå aktivitetane og andre nyhende knyta til jubileet. Adressa er www.todalenil.net, og vi

oppfordrar alle til å ta ein tur innom oss på verdsveven.



Web-redaksjonen:
Kari Kvendset, Guro Redalen og Ole Petter Talgø. Foto: JOØ

www.todalenil.net

Jubileumsposten Redaksjonen

Guro Redalen tlf 452 54 850

e-post: guro_r@hotmail.com

Jon Olav Ørsal tlf 913 38 020

e-post: jon.olav.orsal@svorka.net

Adresse:

Jubileumsposten, c/o Jon Olav Ørsal, 6645 Todalen

Ansvarleg utgjevar: Todalen Idrettslag

Vi treng hjelp!

Skal vi få til ei god jubileumsavis så treng vi hjelp med gode historier og ikkje minst gode bilde. Vi er også glade om vi får tips om aktuelt stoff og ting vi burde ha med i ei slik avis.

Historier

Det har sikkert vore både artige episodar og andre ting som kan vere godt stoff til Jubileumsposten. Berre ta kontakt med Guro eller Jon Olav slik at vi kan gjera avtale om korleis slike tips kan brukast.

Bilete

Når det gjeld bilete så er vi interessert i både gammalt og nytt materiale. Vi har lite bilete frå idrettsaktivitetar og frå kulturarrangement, så vi vil sette umåteleg stor pris på om vi får slike bidrag.

Ta kontakt med oss, så tek vi på oss jobben med å skanning til digitalt format i rett kvalitet.

Det er ikkje nødvendig å ta bileta ut av albuma for å skanne dei, og du får att originalane uskadd.

Ta kontakt med oss!

Helsing redaksjonen.

Er adressa feil? Gi oss i så fall beskjed!

Har vi sendt Jubileumsposten til feil adresse er det bare å ta kontakt med oss. Enten pr e-post eller du kan sende oss et brev eller kort med din riktige postadresse.



Foto: JOØ

Vi i jubileumskomiteen...

I hovudkomiteen for jubileumsåret 2008 er desse med:

Kari Kvendset (leiar), Borghild Talgø, Svein Talgø, Britt Mossing, Jon Olav Ørsal, Toril Redalen, Johan Todalshaug Hals og Terje Nordvik. Dei ser alle fram til eit innhaldsrikt jubileumsår og tek gjerne i mot tips om aktivitetar og ønskjer for jubileumsåret.

Vel møtt til slektsstemne neste sommar!



Det var eit yrande liv under Todalsdagen 2007. Triveleg å treffe gamle kjente og klassekameratar under uformelle omgivingar. Foto: JOØ

Eit av dei største arrangementa neste år er slektsstemne for alle todalingar. For; alle er vi på eit eller anna vis i slekt - om det er i gener eller noko anna som knyter oss til bygda.

I Bergen lyt ein ha reint bergensblod i tre generasjonar på begge

slektledane for å kunne kalla seg bergenser. Her i Todalen ser vi litt større på det og inviterer alle som har lyst til å delta på slektsstemne ei sommarhelg i 2008. Her blir det gode moglegheiter for møte med både tremeningar, gjeikalvar og anna kjentfolk. Idrettslaget vonar at det kan bli ei helg med gjensyn både med bygda og andletet du ikkje har sett på ei stund. Meir om programmet, dato og praktiske opplysningar kjem seinare.

Er du ein av dei som uventa har fått denne jubileums-

posten tilsendt er det nettopp fordi du har passert det ikkje alt for tronge, men jamvel eksklusive nålauge til å kvalifisere som todaling. Ein eigen komité fekk utfordringa med å spore opp utflytta todalingar, og resultatet er at over 400 utan postadresse 6645 vil motta jubileums-posten frå Todalen Idrettslag i 2008. Veit du om andre som også kunne ha tenkt seg informasjon både om slektsstemne og anna så gje beskjed til redaksjonen.

Av Guro Redalen